



Saksmappenr: 2020/272-3
Arkiv: S11
Sakshandsamar: Gro Åmlid

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
33/20	Kommunestyret	27.05.2020

Auka regulering av Svartetjørn og utviding av Straume kraftverk i Valle kommune. Høringsuttale

Handsaming i Kommunestyret av sak 33/2020 den 27.05.2020:

Handsaming:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Valle kommune syner til høringsbrev datert 25.03.2020 med høringsfrist 31.05.2020. Valle kommune er positive til gjennomføring av auka regulering av Svartetjørn og utviding av Straume kraftverk slik det er søkt om.

Valle kommune ser svært positivt på denne utbygginga, den er gunstig økonomisk. Dei miljømessige inngrepa av endringa er beskjedne i forhold til utbygging som allereie er gjennomført.

Rådmannen tilrår:

Valle kommune syner til høringsbrev datert 25.03.2020 med høringsfrist 31.05.2020. Valle kommune er positive til gjennomføring av auka regulering av Svartetjørn og utviding av Straume kraftverk slik det er søkt om.

- Valle kommune ser svært positivt på denne utbygginga, den er gunstig økonomisk.
- Dei miljømessige inngrepa av endringa er beskjedne i forhold til utbygging som allereie er gjennomført.

Saksutgreiing:



Samandrag/ konklusjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad frå Straume kraftverk AS, datert 7. mars 2020 om løyve til å auke slukeevna i Straume kraftverk i Kvernåni med 0,3 m³/s. Samtidig søker selskapet om å få auke eksisterande regulering i Svartetjørn frå 1 m til 2,5 m. Søknaden skal handsamas etter bestemmelsar i vassressurslova.

NVE har sendt ut eit høyringsbrev datert 25.03.2020 med høyringsfrist 31.05.2020. Dei ynskjer synspunkt om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ynskjer også avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføring av prosjektet.

Konklusjon:

Dei omsøkte endringane kan ikkje sjåas å frambringe noko inntekter til Valle kommune utover mogleg ein begrensa auke i eigedomsskatten. Når det gjeld det miljømessige inngrepet av endringane, antakas desse å være beskjedne i forhold til den utbygginga som allereie er gjennomført.

Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad frå Straume kraftverk AS, datert 7. mars 2020 om løyve til å auke slukeevna i Straume kraftverk i Kvernåni med 0,3 m³/s. Samtidig søker selskapet om å få auke eksisterande regulering i Svartetjørn frå 1 m til 2,5 m. Søknaden skal handsamas etter bestemmelsar i vassressurslova.

NVE har sendt ut eit høyringsbrev datert 25.03.2020 med høyringsfrist 31.05.2020. Dei ynskjer synspunkt om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ynskjer også avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføring av prosjektet.

Straume kraftverk AS har søkt om løyve til å auke slukeevna i Straume kraftverk (Kraftverket) i Kvernåni med 0,3 m³/s. Samtidig er det søkt om å få auke eksisterande regulering i Svartetjørn fra 1 m til 2,5 m. Konsesjonsgitt regulering går frå kote 652,14 (LRV) til 653,14 (HRV), mens det i endringssøknaden er planlagt å regulere frå 651,84 (LRV ned 0,3 meter) til 654,34 (HRV opp 1,2 meter). Reguleringsmagasinet aukar frå 0.057 Mm³ til 0,143 Mm³.

Søknad med vedlegg er lagt ut på NVE si nettside, lenke finn du her www.nve.no/konsesjonssaker_soknad

Formelt grunnlag

Høyringsbrev frå NVE datert 25.03.2020.

Vurderingar og konsekvensar

1. Generelt om utbygging av småkraftverk og lokale konsekvensar

Det kjem fram av søknaden at kraftverket sto ferdig i 2017 og utnyttar eit fall på 397 meter. Kraftverket har inntaket i Svartetjørn, og har i dag en årleg produksjon på 16 GWh/år, med ein installert effekt på 5,0 MW. Det dreier seg med andre ord om eit



småkraftverk. Det er opplyst at dei to omsøkte tiltaka til saman vil gi ein årleg produksjonsgevinst på 1,3 GWh, og at utstyret i kraftverket har kapasitet til å auke slukeevne/effekt til 5,75 MW.

Når det gjeld utbygging av småkraftverk og vurdering av verknader for kommunen generelt, vil det være hensiktsmessig å skilje mellom utbyggingar som er initiert av lokale selskap og grunneigarar på den eine sida, og utbyggingar initiert av eksterne aktørar på den andre sida. Dette er fordi småkraftverk ikkje gir grunnlag for konsesjonsbestemte ordningar for kompensasjon til berørte lokalsamfunn. Verdiskapingspotensialet for ein kommune vil dermed fyrst og fremst være at selskapet sitt overskot forblir på lokale hender og at falleigarar godtgjerast gjennom leigeordningar.

Det framgår av søknaden på side 2 at føremålet med utviding nettopp er å betre utnytting av eksisterande kraftverksanlegg *«for å produsere og selge meir fornybar energi og bidra til å styrke næringsgrunnlaget til gårdene som har fallretter»*.

Straume kraftverk AS er eigd av tilnærma 100 % av lokale grunneigarar, og auka produksjon vil dermed gi auka lokale inntekter. Ettersom småkraftverket er lagt til eit eige selskap, vil imidlertid overskotsskatten gå til staten. Valle kommune har imidlertid anledning til å skrive ut eigeomsskatt på småkraftverket, jf. nedanfor.

2. Eigeomsskatt

Eigeomsskatt på kraftanlegg blir skrevet ut etter reglene i eigeomsskatteloven § 8B-1, jf. skatteloven kapittel 18. Småkraftverk faller blant anna inn under eigeomsskatteloven § 3 fyrste ledd bokstav a), c) og d), jf. § 4.

På generelt grunnlag er hensikta med reglene om taksering av kraftverk at taksten skal gjenspegle marknadsverdien av kraftverket, jf. skatteloven § 18-5 fyrste til fjerde ledd. Småkraftverk takserast imidlertid etter ein forenkla takseringsmetode som framgår av skattelovens § 18-5 femte ledd. Dei forenkla takseringsreglene i femte ledd gjelder kun kraftanlegg som har ein samla påstempla merkeyting på under 10.000 kVA, dvs. små-, mini- og mikrokraftverk.

Etter det opplyste vil Straume kraftverk truleg bli taksert som småkraftverk etter reglene i skatteloven § 18-5 femte ledd.

Eigeomsskattetaksten for småkraftverk skal settas til kraftanleggets *«skattemessig verdi pr. 1. januar i skattefastsettingsåret»*. Den skattemessige verdien finner man ved å ta utgangspunkt i skattemessig inngangsverdi og trekke frå avskrivningar.

Utbyggingskostnadene vil dermed gi ein viss indikasjon på kva størrelse eigeomsskattegrunnlaget kan komme til å ligge på dei fyrste åra etter bygging.

Deretter vil eigeomsskattegrunnlaget falle i samsvar med skattemessige avskrivningar. Den skattemessige inngangsverdien tilsvare kostnadene ved å kjøpe eller bygge småkraftverket. For nye, marginalt lønsame kraftverk vil investeringskostnadene vanlegvis tilsvare verdien av driftsmidlar i kraftverket.

Marknadsverdien kan ligge over investeringskostnaden (skattemessig verdi) i tilfeller der kraftverket er svært lønsame.

Dersom Straume kraftverk har ein samla påstempla merkeyting på over 10.000 kVA, skal eigeomsskatteinntektene bygge på den takserte verdien multiplisert med faktisk produksjon det enkelte år, jf. skatteloven § 18-5 andre ledd. Høyre produksjon vil da normalt auke eigeomsskatten.

Ut over dette er det vanskeleg å si noko konkret om eigeomsskatten for kraftverket, utover at dei omsøkte endringane – som vil gi ein beskjeden endring i den årlege



produksjonen – i svært begrensa grad vil endre eigedomsskatteinntektene til kommunen.

3. Konsesjonskraft og konsesjonsavgifter

Kor vidt ein kommune har krav på konsesjonskraft og konsesjonsavgifter, må avgjerast for det enkelte kraftverk og er både avhengig av kva slags kraftverk det er og kor stor den midlere årsproduksjonen er. Er det et reguleringskraftverk, gjelder vassdragsreguleringsloven (vdrregll.), jf. § 1. Konsesjon etter vassdragsreguleringsloven gir vertskommunane rett på konsesjonskraft og konsesjonsavgifter, jf. § 22 og § 14.

Er det derimot eit elvekraftverk gjelder vassressursloven (vrl.). Konsesjonar gitt i medhald av vassressursloven gir ikkje vertskommunane krav på konsesjonskraft. For elvekraftverk på over 40 GWh skal det fastsettest konsesjonsavgifter til vertskommunane, jf. vrl. § 19.

Av NVE sitt høyringsbrev 25. mars 2020 framgår det at søknaden skal handsamas etter bestemmelsene i vassressursloven. Søkarane anser dermed kraftverket for å være eit elvekraftverk, ikkje reguleringskraftverk. Da kraftverket ikkje vil oppnå en midlere årsproduksjon på over 40 GWh etter dei omsøkte endringane, vil Valle kommune dermed heller ikkje etter endringane ha krav på verken konsesjonskraft eller konsesjonsavgifter frå kraftverket.

Grensen mellom kva som skal regnes som reguleringskraftverk og elvekraftverk, kan være vanskeleg å trekke. I samband med dei fleste kraftverk, finnes det reguleringar. Det gjelder også Straume kraftverk. For at eit kraftverk skal reknast som eit reguleringskraftverk, må imidlertid reguleringa være av eit visst omfang eller betyding. Basert på opplysningane i den opprinnlege søknaden frå 2012, antek vi at kraftverket har så beskjeden regulering at det ikkje krev konsesjon etter vassdragsreguleringsloven og at det dermed er korrekt at også endringssøknadene handsamas etter vassressursloven.

Eit forbehold når det gjelder konsesjonskraft, er dersom det nye kraftverket eller tiltaket skal gjere bruk av vatn som kjem frå ovanforliggende reguleringsmagasin. Dersom det er tilfelle, kan også kraftverk eller tiltak som nemnt, gi grunnlag for rett til konsesjonskraft.

4. Naturressursskatt

For kraftverk med ein samla påstempla merkeyting over 10 000 kVA skal det svarast naturressursskatt til kommunen som er rørd av utbygginga. Dei fleste småkraftverk antast å ligge under denne grensa og skal soleis ikkje svare naturressursskatt. Dersom Straume kraftverk har generatorar som har ein samla påstempla merkeyting over 10 000 kVA, framgår det at dei omsøkte tiltaka medfører ein marginalt auka produksjon enn det som er oppgjeve i gjeldande konsesjon, dvs. ein auka på 1,3 GWh. Dette vil dermed medføre ein bagatellmessig auke i naturressursskatten, som dessutan vil utjevne i det kommunale inntektsutjevningssystemet ved at dei statlege overføringane kan bli redusert. Endringa vil difor i svært begrensa grad påverke naturressursskatten.

5. Miljøinngrep



Valle kommune har en plikt til å foreta en vurdering av dei samla miljøkonsekvensane av dei omsøkte konsesjonsendringane. Denne plikten fylgjer av naturmangfoldloven § 10.

Det framgår av høyringsbrevet at NVE ynskjer synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til begrensningar i planane. Det er vidare bedt om grunngjeve forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføring av prosjektet.

Valle kommune gav høyringsuttale til den tidlegare konsesjonssøknaden 9. juli 2015, og var da svært positiv til søknaden:

«Dette er ei utbygging som ikkje har store konsekvensar for natur og miljø. Det er ikkje ei elv som er synleg i frå busetnad eller frå hovudveggar. Valle kommune ynskjer at ein ser på høve til at røygata kan bli nytta som turveg etter utbygginga er ferdig. Det er i dag etablert ein via ferrata opp Straumsfjellet. Klatrarane kjem ned at frå fjellet gjennom det området som denne utbygginga vil vere. Det er derfor naturleg at ein prøver å sjå dette i samanheng og utnytte den delen av utbygginga til nytte for klatretilbodet på Straume. Det bør etablerast ein parkeringsplass ved kraftstasjonen som klatrarane og andre kan nytte seg av.

Konklusjon:

Valle kommune ser svært positivt på denne utbygginga. Den er gunstig økonomisk».

Det er opplyst i endringssøknaden at Via ferrataen nå nyttar deler av rørgatetraseen. Det er vidare opplyst at for brukarinteresser vil det i hovudsak vere det visuelle inntrykk av vassdraget som kan endras. Blant anna vil ny damhøgde bli meir synleg i terrenget, og arealet av Svartetjørn vil auke med ca. 7 mål ved HRV.

Utsnitt frå side 6 i søknaden, illustrasjonsbilete



Figur 6. Areal av Svartetjørn med dagens HRV på bildet til venstre og med HRV +1,2 meter på bildet til høyre.



Vannkraftutbygging vil alltid ha negative konsekvensar for miljøet, både for naturen og mennesker som bur i området. Valle kommune må difor vurdere om den har tilstrekkeleg grunnlag for å kunne foreta ei samla vurdering av miljøbelastninga frå dei omsøkte endringane i det materialet som føreligger, og da særlig endringssøknaden sett opp mot KU 2010.

Det vil slippes 43 m³/s minstevassføring gjennom hele året (både i dagens og ved eventuell ny situasjon), så lenge ikkje tilsiget er lågare, og tiltakshavar er av den meining at det er svært få, om nokon, som vil kunne sjå forskjell på vassdraget før og etter dei føreslegne endringar. Ei auke i reguleringshøgda må imidlertid forventast å gi noko auka påverking i reguleringssona. Ei utvida reguleringshøgde vil også normalt medføre auka effektkjøring, noko som igjen vil kunne påverke reguleringssona ytterlegare i form av erosjon. Om dette heiter det i søknadens vedlegg 3:

«Vannstanden vil etter en utvidelse av regulering og installasjon generelt være høyere enn i dag, og variasjonene blir større. I likhet med i dag vil magasinet tappes ned i forkant av forventet tilsigsoppgang. Økt slukeevne gir imidlertid økt fleksibilitet, og kan redusere antallet ganger magasinet tappes ned sammenlignet med i dag, fordi den økte slukeevnen kan ta unna noe vann som tidligere ville gått som flomoverløp. Antallet nedtappinger i løpet av et år vil avhenge mye av tilsigsforholdene, og særlig av hyppigheten av regnflommer.»

Det er opplyst at dei to omsøkte tiltaka er innbyrdes uavhengig av kvarandre. Slik tiltaka er skildra, framstår dei omsøkte endringane både kvar for seg og samla som beskjedene i forhold til den utbygginga som allereie har funnet sted og vil truleg ikkje endre området i vesentlig grad. Endringa kan på den andre side være en viktig inntektskjelde for fallrettighetshavarane og dei lokale grunneigarane.

7. Oppsummering.

Dei omsøkte endringane kan ikkje sjåas å frambringe noko inntekter til Valle kommune utover mogleg ein begrensa auke i eigedomsskatten. Når det gjeld det miljømessige inngrepet av endringane, antakas desse å være beskjedne i forhold til den utbygginga som allereie er gjennomført.

Valle, den 03.05.2020

Aud Sunniva Fuhr
rådmann

Vedlegg: